



 Kvartalsrapport arbeidslivskriminalitet <b>Tema:</b>	<b>Arbeidslivskriminalitet</b>	<b>Rapportdato:</b>	<b>06.10.2021</b>
<b>Område:</b>	Byggeprosjekt i regi av Helse Bergen HF	<b>Periode:</b>	3. kvartal 2021
<b>Utarbeidd av:</b>	Gerd Frantzen	<b>Neste rapport:</b>	06.01.2022

## 1. Arbeidsmetodikk for kontrollar mot sosial dumping i byggeprosjekta til Helse Bergen HF

Det vil bli utført kontrollar på lønns- og arbeidsvilkår gjennom heile byggefasen i byggeprosjekta til Helse Bergen HF. Arbeidsmetodikken følger tilrådingane til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), Anskaffelser.no.

<https://www.anskaffelser.no/verktoy/maler/egenrapportering-om-lonns-og-arbeidsvilkar>

Det betyr at alle entreprenørar rett etter oppstart vil få eit skjema for eigenrapportering som dei skal svara på innan ei viss tid. Entreprenørane må senda eigenrapporteringsskjema vidare til alle sine underentreprenørar og leverandørar (UE'er), som igjen skal senda til sine UE'er.

Eigenrapportane stiller spørsmål om lønns- og arbeidsvilkår i verksemda, både når det gjeld eigne tilsette, innleigde og om dei legg allmenngjorte/landsomfattande tariffavtalar til grunn for arbeid på kontrakt med Helse Bergen HF.

Det vert etterspurt om talet på tilsette, fagområde, særreglar, prosent av utskifting av personell siste år, prosentdel utanlandske arbeidarar osb. I tillegg vert det etterspurt om informasjon om eventuelle underleverandørar/ underentreprenørar, og bruk av innleie frå bemanningsbyrå.

Utfylte skjema vert brukt til å gjere ei risikovurdering i forhold til potensiell sosial dumping. Firma som vert vurdert å liggja i risikosjiktet, vil bli bedt om å leggja fram lønnslistar, timelister og kontraktar.

Dersom det vert oppdaga at entreprenørar har avvik i forhold til lønns- og arbeidsvilkår, vil dette bli følgt opp, og entreprenøren skal straks retta opp forholdet. Dersom forholdet ikkje blir retta opp eller det vert oppdaga nye avvik, vil entreprenør bli vist bort frå prosjekta til Helse Bergen HF. Kontrollane vil òg omfatta entreprenørar på rammeavtale. Helse Bergen HF har nulltoleranse for sosial dumping.

I tillegg til at det skal krevjast eigenrapportar for å få gjort risikovurderingar, blir det gjort vurderingar i samband med at SHA-koordinator går ute og snakkar med arbeidarane. Dette viser seg å vera ein svært effektiv måte å oppdaga avvik. I samtale med arbeidarane kan ein få god informasjon, og nokre tilfelle når det viser at det ikkje er mogleg å kommunisera på grunn av språk, kan det òg vera grunnlag for å kontrollera nærare. Språkproblem utgjer òg ein fare i forhold til sikkerheit på byggeplassen, vi må ha fokus på dette for å førebygga at språk utgjer risiko for liv og helse.

## 2. Eigenrapport frå entreprenørar

Det er mottatt 0 eigenrapportar i perioden. Pr. no har det vore fokus på informasjon og opplæring blant personell som jobbar med prosjekt og vedlikehald i Helse Bergen, i tillegg til fokus på kontraktar og moglegheit for kontrollar og sanksjonar.

Prosjekt BUS2:

Det er kontraktsfesta i prosjektet at det berre er høve til å ha underentreprenørar i 2 ledd.

Mannskapslistene er utgangspunkt for kontroll av tal på underentreprenørar. Mannskapslistene viser namn på firma som er inne på byggeplass til ein kvar tid.

### 3. Risikovurderingar og kontrollar i perioden

Det vart mottatt 4 eigenrapportar frå kontraktspartar og 16 eigenrapportar frå underentreprenørar/bemanningsfirma i perioden. Det er etterspurt 7 eigenrapportar frå kontraktspartar i perioden.

Prosjekt- /byggningsnamn	Mottatte eigenrapporter	Tal vurdert i risikogruppe	Årsak til vurdering	Tal grundigare kontroll
<b>BUS2</b>	0	0	0	0
<b>Rammeavtalar</b>	4 + 16 UE	3	Bruk av innleie utan skriftlig avtale med tillitsvalte	3
<b>HUS-Heis</b>	0	0	0	0
<b>Voss</b>	0	0	0	0
<b>Hagevik</b>	0	0	0	0
<b>Sandviken</b>	0	0	0	0
<b>Nordås</b>	0	0	0	0
<b>Proton</b>	0	0	0	0
<b>Parkhjørnet</b>	0	0	0	0
<b>Håkons gate 1</b>	0	0	0	0

### 4. Avdekte avvik

Ingen avdekte avvik pr. 3. kvartal 2021.

Type funn	Tal
Manglande arbeidskontrakter, arbeidskontrakter med manglar	0
Ulovlege arbeidsavtalar	0
Manglande overtidsbetaling	0
Brot på arbeidstidsvedtaket	0
Timelønn under lovleg tariff	0
Anna	0

### 5. HMS-kort kontrollar

Det blir utført kontrollar på HMS-korta i samband med kvar enkelt arbeidar som skal jobba i prosjekta til Helse Bergen HF. Alle HMS-kort blir sjekka opp mot Arbeidstilsynets nettside som viser gjeldsande status på HMS-kortet:

1. Er kortet innanfor gyldighetsperioden på 2 år, meldt tapt eller sperra?
2. Er verksemda framleis registrert i registera?
3. Er personen framleis registrert som knytte til denne verksemda?

Det blir utført kontrollar ute på byggeplassane, både på dei sjølvstendige byggeprosjekta som har egne kortlesarar og prosjekta på Voss, Hagevik, Sandviken, Nordås og Haukeland Sjukehus generelt

(entreprenører på rammeavtale). Kontrollane går føra seg ved at ein går ut og etterspør HMS-kort, og ser desse opp mot bemanningslistene.

Alle skal registrera sitt HMS-kort på elektroniske bemanningslister. Registreringa går føra seg ved kortlesar/app på mobil. For å registrera seg inn på app'en, må ein vere i geografisk nærleik til område ein vil registrera seg inn på.

Alle skal ha gyldig HMS-kort og alle skal registrera seg på mannskapslistene. Det vil bli gjennomført kortkontrollar, som inneber at alle som ikkje har registrert seg på mannskapslister;

1. 1. gong vil få ei munnleg åtvaring, med melding til arbeidsgivar
2. 2. gong vil få ei skriftleg åtvaring, med melding til arbeidsgivar
3. 3. gong vil bli bortvist frå Helse Bergen HF

Det er planlagt en kortkontroll i uke 41.

Kontrollar utført i perioden	Prosjekt-/byggningsnamn	Åtvaring (1. og 2. gongs åtvaring)	Bortvisningar
0	BUS2	0	0
0	Rammeavtalar	0	0
0	HUS-HEIS	0	0
0	Voss	0	0
0	Hagevik	0	0
0	Sandviken	0	0
0	Nordås	0	0
0	Proton	0	0
0	Parkhjørnet	0	0

## 6. Spesielle forhold

I arbeidet med å førebygge sosial dumping, gjennomgår vi rammeavtalane og ønsker i det vidare arbeidet å blant anna følgje opp at det vert sett:

- avgrensing i tillat tal på underentreprenører, og at innleigde tel som underentreprenør
- krav i samband med byggherren sin rett til innsyn, krav til dokumentasjon og at dokumenta skal vere på personnivå og det skal gå fram kven det gjeld
- Krav til HMS-kort, og at arbeidstakarar utan vil bli bortvist
- Sanksjonar i samband med brot på vedtaka rundt lønns- og arbeidsvilkår

Det er òg ønske om å få inn krav til språkkunnskapen, for å ta vare på sikkerheita i alle prosjekt og arbeider utført på vegner av Helse Bergen HF.

## 7. Bruk av innleie

Endringar i Arbeidsmiljøloven trådte i kraft 1. januar 2019. Endringane har til hensikt å avgrensa bruk av innleidd arbeidskraft. Frå hausten vil Arbeidstilsynet og Fagforbunda ha stor fokus på ulovleg bruk av innleie og likebehandling av innleidd personell, spesielt innanfor bygg og anlegg. Helse Bergen vil som byggherre følgje same linje, og vil i den forbindelse informere og kontrollere entreprenørane som arbeider for oss. Reglene er kompliserte og det er derfor behov for informasjon til entreprenørane i forkant av kontrollar. Arbeidet med dette vil starte denne hausten.

## 8. Koronapandemi

Alle entreprenører skal risikovurdere faren for smitte og planlegga tiltak. Vi har kontakta alle entreprenørane, og har motteke dokument om korleis dei tar vare på sine tilsette og innleigde. Det har vore gjennomført møter, slik at alle har kunne delt erfaringar og løysningar. Entreprenørane har løyst utfordringane med å dele arbeidsstokken inn i små grupper som har skifta, arbeidd og spist saman. I tillegg har det vore delt ut handsprit, og gitt informasjon om handhygiene og at ein ikkje skal gå på jobb om ein har symptom.

Det er meldt inn nokre få smittetilfelle av påvist Covid-19, og desse har blitt handtert raskt med karantene og isolasjon, og moglege smitta er raskt sett i karantene av arbeidsgjevar samtidig som alle entreprenører er varsla.

Det er også utført kontroll ved eigerapportering – oppfølging av arbeidsgivaransvar ved pandemi. Arbeidstilsynet skal kontrollere smittevern i alle tilsyn, og Helse Bergen HF har utarbeidd eit eigerapporterings-skjema som entreprenører på rammeavtale skal svare ut. Eigerapporteringa går ut på om entreprenøren har rutine for risikovurdering og tiltak.

Skjema for eigerapportering – oppfølging av arbeidsgivaransvar ved pandemi er også sendt ut til entreprenørane på BUS2.

Då dei fleste restriksjonane no er oppheva, har vi avslutta desse kontrollane.

## 9. Seriøsitetsforum Vest

Helse Bergen HF er no ein del av Seriøsitetsforum Vest. Dette er eit samarbeid om seriøsitet i offentlege byggherreprosjekt. Deltakarar i Seriøsitetsforum Vest:

### Offentleg tilsyn:

Arbeidstilsynet

### Byggherre representantar:

Statens vegvesen  
Bergen kommune  
Statsbygg Vest  
BaneNor  
Vestland fylkeskommune  
Helse Bergen HF  
Universitetet i Bergen  
Bybanen Utbygging  
Skatteetaten  
Forsvarsbygg

### Forbund:

Unionen Fagforening  
Arbeidsmannsforbundet  
EL og IT forbundet  
Fellesforbundet

Det er ønskeleg at alle større offentlege byggherrar skal vere med, og derfor kan deltakarlista bli utvida framover.

Presentasjonar og tema som har vore på agendaen:

- Skipping av nye verksemder etter utestenging.
- Oppfølging frå entreprenør på arbeidstid, gjennomsnittsutrekning og relevante tariffavtalar.
- Krav til underleverandør – utstrekt bruk av innleidd arbeidskraft.
- Tarifftilhørigheit.
- Ulovleg eller lovleg innleia.
- Arbeidstid – på helse og tryggleiken laus.
- Ansvar til hovudentreprenøren for arbeidsmiljø – kva krav kan byggherren stilla til hovudentreprenør?
- Erfaring med HMSREG.
- Krav til fagbrev.
- Ekstraordinært arbeid etter korona?
- Domsavgjerd - byggherre/ entreprenør.
- Arbeidstid, avtale om gjennomsnittsbereking, vurdering av periode for bereking, presentasjon av aktuell domsavgjerd
- Likestilling på byggeplassen/garderobeforhold (Jorge kan si noe frå Unionen)
- Gjennomføring av kontroll, risikovurdering, stikkprøver og erfaringsdeling
- De nye endringane i arbeidsmiljølova, allmenngjøringslova og statsansattlova som trådde i kraft 1. juli 2020, og som i hovudsak er knyta til innleie.
- Bruk av «særlig uavhengig stilling» og «ledande stilling» jf. AML § 10-12.
- Krav til fagbrev, utfordringar og kontroll.
- Om innleie-oppdraget 2021-2022 (Arbeidstilsynet vil prioritere tilsyn av innleie frå bemanningsføretak i bygg- og anleggsnæringa)
- I/A satsing innan Bygg og anlegg
- Språk på arbeidsplassen
- Dødsulykke i forbindelse med sikringsarbeid
- Arbeidstilsynet sine prioriteringar haust 2021
- Transportlovbrot knyta til Statens vegvesens kontraktar

På agenda neste møte:

Det er ikkje sett agenda for møte 17.11.2021 enno.

- Fast post med runde rundt bordet om pågåande byggeprosjektar

## 10. Tilsyn

Ingen nye tilsyn.

Arbeidstilsynet si A-krimgruppe i Vestland har tatt kontakt, og det er gjennomført eit uformelt møte med dei. Ønske frå deira side var å få informasjon om korleis vi gjennomfører vårt arbeid i forbindelse med arbeidslivskriminalitet. Tilbakemeldinga var positiv.